



Asplan Viak AS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2276 - 15/17645

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

24.09.2015

Evaluering og tildeling av kontrakt om skisse- og forprosjekt for nytt VBA Hestdal

1. Tildelingskriterier

Ved tilbudsfristen var det mottatt 4 tilbud. Alle tilbydarane er kvalifisert for oppdraget og evaluert. Tilbydarane er vurdert etter dei oppgitte tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget.

TILDELINGSKRITERIE	DOKUMENTASJON	VEKT %
Pris	Under dette kriteriet vektleggast: <ul style="list-style-type: none">• Timesatsar på tilbode medarbeidere for oppdraget. Det vil bli rekna ein snittpris basert på talet medarbeidere som vert tilbydd• Reisekostnader t/r Meland.<ul style="list-style-type: none">- Timesatsar personell vil telle vesentleg meir enn reisekostnader	30 %
Tilbode personell sin dokumenterte	Under dette kriteriet vektleggast: <ul style="list-style-type: none">• Relevant kompetanse og erfaring frå vassbehandlingsanlegg	50 %

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

erfaring og kompetanse	vil bli vekta på ein skala frå 1-10, der 10 er høgast. Dokumentasjon: - CV for tilbode medarbeidare jf. oppstilling i prisskjema. CV-en skal innehalde opplysningar om utdanning og tidlegare utførte oppdrag (oppdragsgjevar, storleik, og type/art og medarbeideren sin rolle i prosjektet).	
Gjennomføringsplan og oppgåveforståing	Tilbyder skal utarbeide ein overordna gjennomføringsplan for oppdraget. Tidsberekning skal ta utgangspunkt i estimert dato for kontraktssignering Dokumentasjon: Gjennomføringsplan	20 %

1.1 Pris

Totale kostnader er evaluert etter følgjande metode: Forholdsmessige metode der: Poengscore = 10 x Pb/Pe der Pe er den prisen som evaluerast og Pb er beste (lågaste) pris. I tildelingskriteria er det sagt at timesatsar vil telle vesentleg meir enn reisekostnader. Det er vidare opplyst om at tilbodet skal ta utgangspunkt i ein arbeidsmengde på 300 t og at det skal reknast inn 5 reiser. Basert på dei medarbeiderane som er tilbydd er det berekna ein snitt timespris ved å summere timeprisene og dele på tal tilbydde medarbeidare. Denne snittprisen er så multiplisert med 300 t. Pris for 5 reiser er så lagt til for å få samla estimert pris på oppdraget.

Firma	Pris	Poeng	Korrigert for vektning (30 %)
Asplan Viak AS	kr 300 875	9,10	2,73
COWI AS	kr 273 750	10,00	3,00
Sweco AS	kr 308 500	8,87	2,66
Norconsult AS	kr 311 250	8,80	2,64

Tabellen over viser at det er COWI AS som kjem best ut på pris

1.2 Relevant kompetanse og erfaring

Følgjande er vurdert:

- Utdanning og ansiennitet
- Erfaring og kompetanse innan vassbehandling (eller det fagområdet konsulenten er særskilt tilbydd å dekke.)
- Ettersom det er tilbydd fleire medarbeidarar vert det rekna ut eit snitt basert på alle dei tilbydde konsulentane. Det vert gjort ved å summere poeng gitt kvar konsulent delt på tal tilbydde konsulentar.

Firma	Evaluering	Poeng	Vekting (50 %)
Asplan Viak AS	Tilbydde medarbeidarar har generelt relevant utdanning, lang erfaring, og svært god kompetanse innan vassbehandlingsanlegg. Det er tilbydd spisskompetanse innan området, som har erfaring frå mange liknande oppdrag	9,63	4,81
COWI AS	Tilbydde medarbeidarar har generelt relevant utdanning, lang erfaring, og svært god kompetanse innan vassbehandlingsanlegg. Det er tilbydd spisskompetanse innan området, som har erfaring frå mange liknande oppdrag	9,50	4,75
Sweco AS	Tilbydde medarbeidarar har generelt relevant utdanning, og svært god kompetanse innan vassbehandlingsanlegg. Det trekt noko for manglande erfaring. Det er tilbydd spisskompetanse innan området, som har erfaring frå mange liknande oppdrag	9,13	4,56
Norconsult AS	Tilbydde medarbeidarar har generelt relevant utdanning, og god kompetanse innan vassbehandlingsanlegg. Det trekt noko for manglande erfaring, samt for noko manglande spisskompetanse innan området.	8,25	4,13

Tabellen over viser at det er Asplan Viak AS som kjem best ut på kompetanse

1.3 Gjennomføringsplan og oppgåveforståing

Firma	Vurdering	Poeng	Vekting (20 %)
Asplan Viak	Planen er enkel og oversiktlig. Ein del av momenta i planen kunne gjerne vore meir utbrodert for å betre vise oppgåveforståinga.	7	1,4
COWI	Planen er svært konkret og godt gjennomarbeida. Tilbydar viser svært god oppgåveforståing gjennom tydeleg kommunikasjon og konkretisering av dei viktigaste momenta i prosessen.	10	2
Sweco	Planen er oversikteleg og godt gjennomarbeida. Tilbydar viser svært god oppgåveforståing der dei ulike momenta vert gjennomgått på ein grundig og tydeleg måte.	10	2
Norconsult	Planen er enkel, men oversikteleg og god. Tilbydar viser god oppgåveforståing gjennom god gjennomgang av dei ulike momenta i prosessen.	9	1,8

Det er COWI AS og Sweco AS som kjem ut best på gjennomføringsplan og oppgåveforståing.

2. Evalueringsmatrise

Kriterie	Vekting	Asplan Viak		COWI		Sweco		Norconsult	
		Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng
Totale kostnader	30 %	9,10	2,73	10,00	3,00	8,87	2,66	8,80	2,64
Kompetanse og erfaring	50 %	9,63	4,81	9,50	4,75	9,13	4,56	8,25	4,13
Gjennomføringsplan og oppgåveforståing	20 %	7,00	1,40	10,00	2,00	10,00	2,00	9,00	1,80
SUM			8,94		9,75		9,22		8,56

Det er COWI AS som samla sett er vurdert å gi det økonomisk mest fordelaktige tilbudet.

3. Konklusjon

Meland kommune meddeler herved at det er beslutta å tildele kontrakt om skisse- og forprosjekt for nytt VBA på Hestdal, Meland kommune til COWI AS. Signering av kontrakt vil finne sted etter karènsperiodens utløp. Karènsperioden utløper 08.10.2015 kl. 12:00. Ei eventuell klage må sendast skriftleg til Berit M Eskeland på e-postadresse berit.eskeland@meland.kommune.no innan utløp av karènstida.

Vi takkar for deltakinga.

Med helsing

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Asplan Viak AS
COWI AS
Norconsult AS
Sweco AS